

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtedato:** 08.04.2008 **Tid:** 15.00-19.50

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av medlemmer møtte 7, inkl. 1 varamenn:

**Desse medlemene møtte ikkje:**  
Inge Aasgaard

**I staden møtte:**  
Sven Tore Kulleseid

**Andre som var tilstade på møtet:** Ass.adm.sjef Våge og ped.konsulent Steinsland under heile møtet. Rektor Gjerde skule Marit Kullild, Rektor Nordbygda skule Kjersti Bruvik og rektor Samnanger ungdomsskule Solvor Aadland, ordførar Marit Aase under temamøtet om skuleutvikling.

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 9. april 2008

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkallinga og saklista vart godkjent. Nils Gåsdal ønska ved seinare temamøte at sakene vart handsama først.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Kristian Jørgensen stilte spørsmål om organiseringa av PPT.

Ass.adm.sjef orienterte om at det tidlegare interkommunale PPT-samarbeidet mellom Vaksdal, Modalen og Samnanger vart lagt ned for to år sidan. Samnanger kjøper no PP-teneste direkte av Vaksdal kommune og er godt fornøgd med tilbodet vi får ute i tenestene og på kommunenivået.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:**

Utvalet hadde først ei synfaring med rektor rundt på Gjerde skule. Dei fekk og sjå byggestatus på den nye barnehagen.

Nokre 6-klasse jenter viste utvalet kva dei har arbeidd i ulike fag og viste ein presentasjon av Europa. Dei hadde og laga gryterett og dekket eit flott middagsbord til oss.

1. Utvalet gjennomførte følgjande temamøte på Skuleutvikling. ([www.skoleporten.no](http://www.skoleporten.no))
  - *Kunnskapsløftet og Samnanger si strategiplan 2004-08*
  - *Utviklingsmåla til kommunen og skulane*
  - *Skuleutviklingssystemet til Samnanger kommune – ulike måleverktøy;*
    - Brukarundersøkingar – elevundersøkinga
    - Nasjonale prøvar
    - Ekstern vurdering: Rektorane la fram rapporten frå sin skule
    - Kommunalt tilsyn på skulane
  - *Nye signal nasjonalt og lokalt på skuleutvikling*
    - Skapande læring - Strategi for kunst og kultur i opplæringa 2007-10
    - Leiar i OO vil omme tilbake til signal frå opplæringskonferansen 2008 i samband med arbeidet om ny strategiplan.
  - *Ny strategiplan frå 2009-12*
  - *OO gjer nytt vedtak hausten 2008.* Utvalet ønska prosess i lag med skuleleiarane. Alle tre rektorane og ordføraren var med under denne delen frå kl. 15.00-18.00
2. Eva Hellevang er OO sin representant i fredskorssamarbeidet med Sigowet.
3. Utvalet fekk utdelt mellombels utkast til kulturplan. Kulturkonsulenten ber om tilbakemelding dersom der er synspunkt på utkastet. Planen kjem opp til handsaming og høyring før sommarferien.
4. Ættesoga vil komme i sal ca 1 september. Forfattaren vil verte invitert til møtet den 3 juni.
5. Ass.adm.sjef orienterte om at PØ skal handsama sak om ubrukte spelemidlar for 2008, og at desse truleg vert sett av på fond til tiltak for barn og unge.
6. Vedtak for PTV – programfag til val skal gjelda frå neste skuleår. Ped.konsulent ventar på nasjonale signal før endeleg vedtak vert gjort.
7. Kulturkonsulenten er kontaktpersonen i samband med kulturminneåret 2009.
8. OO-leiar orienterte om skriv ho har motteke frå bebuarar på Lønnebakken vedk. vegen og avkøyringa der. Saka vert handsama i naturutvalet.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr. Tittel</b>
0004/08	05/00063 <b>KOMPETANSE I GRUNNOPPLÆRINGA 2005-2008. HANDLINGSPLAN 2008</b>
0005/08	07/00430 <b>SKULEGANG I FUSA KOMMUNE SØKNAD</b>
0006/08	08/00002 <b>KULTURMIDLAR 2008. TILDELING</b>
0007/08	08/00039 <b>KULTURSTIPEND FOR UNGE 2008.</b>

0004/08

## KOMPETANSE I GRUNNOPPLÆRINGA 2005-2008. HANDLINGSPLAN 2008

Framlegg til vedtak::

### Samnanger kommune

### Kompetanseutvikling pedagogisk personale 2005-2008

### Handlingsplan 2008

**Bakgrunn for Kompetansehevingsplan 2005- 2008** er tre sentrale dokument som gjev statlege føringar for arbeidet med skuleutvikling i perioden 2005 - 2008:

Kultur for læring (Stortingsmelding 30/2003.04),

Kunnskapsløftet (Rundskriv F-13/04) og

Kompetanse for utvikling.

Slik kompetanse og læring kan skje på ulike måtar:

- Vidareutdanning (formell kompetanse m. Studiepoeng)
- Etterutdanning (kurs, seminar...)
- Uformell kompetanse (praksis, hospitering...)

**Målsetjinga for kompetansehevinga er å styrka personalet sin kompetanse i høve til Kultur for læring.**

**Organisering av kompetansehevinga:**

- Individnivå
- Skulenivå
- Kommun nivå
- Regionnivå / Fylkesnivå

Vedlagt følgjer handlingsplan for kompetanseheving for 2008.

## Handlingsplan 2008

Samnanger kommune vil i 2008 satsa på elevvurdering, fagleg fordjuping for faglærarar i engelsk og matematikk, klasseleing og pedagogisk bruk av IKT. Summane inkluderer vikarutgifter.

### Kompetanseheving for skulane i SAMNANGER 2008

#### Skuleleiarar

Kultur for leing	Vidareutd. 30stp.	
Skolekonferanse		25.000

#### Ped.personale

Etterutdanning, felles, kommunal regi:

Matematikk	Nettverksgruppe	
IKT - digitale mapper	Interne kurs	
Leseprosjekt		80.000

## Etterutdanning / Fagkurs: Individuelt, regionen:

Programfag til val	-	Rådgevarnettverk	- reg.-
Læringsplattform	-	IKT-nettverk	- reg.-
Suggestopedi	-	Lærarar for framandspr.	- reg.-

## Felles, regionen:

Vurdering	-	elevvurdering	- reg.-
-----------	---	---------------	---------

## Etterutdanning, individuelt, Kommunal regi:

Vurdering / elevvurdering	Nærmiljø/skulane	
Musikk/kulturprosjekt	KOM (barnetr)	
Kunst og handverk	Kurs / design	
Fysisk aktivitet		60.000

## Vidareutdanning (ind.) – stipend

Engelsk, matematikk, naturfag	45.000
-------------------------------	--------

## Andre:

Skulevurdering	Oppfølging	
Lærande nettverk - IKT		20.000

230.000

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

<b>Samnanger kommune</b>
--------------------------

<b>Kompetanseutvikling pedagogisk personale 2005-2008</b>
---

<b>Handlingsplan 2008</b>
---------------------------

**Bakgrunn for Kompetansehevingsplan 2005- 2008** er tre sentrale dokument som gjev statlege føringar for arbeidet med skuleutvikling i perioden 2005 - 2008:

Kultur for læring (Stortingsmelding 30/2003.04),

Kunnskapsløftet (Rundskriv F-13/04) og

Kompetanse for utvikling.

Slik kompetanse og læring kan skje på ulike måtar:

- Vidareutdanning (formell kompetanse m. Studiepoeng)
- Etterutdanning (kurs, seminar...)
- Uformell kompetanse (praksis, hospitering...)

**Målsetjinga for kompetansehevinga er å styrka personalet sin kompetanse i høve til Kultur for læring.**

**Organisering av kompetansehevinga:**

- Individnivå

- Skulenivå
- Kommun nivå
- Regionnivå / Fylkesnivå

Vedlagt følger handlingsplan for kompetanseheving for 2008.

## Handlingsplan 2008

Samnanger kommune vil i 2008 satsa på elevvurdering, fagleg fordjuping for faglærarar i engelsk og matematikk, klasseleing og pedagogisk bruk av IKT. Summane inkluderer vikarutgifter.

<b>Kompetanseheving for skulane i SAMNANGER 2008</b>
--

### Skuleleiarar

Kultur for leing	Vidareutd. 30stp.	
Skolekonferanse		25.000

### Ped.personale

Etterutdanning, felles, kommunal regi:

Matematikk	Nettverksgruppe	
IKT - digitale mapper	Interne kurs	
Leseprosjekt		80.000

Etterutdanning / Fagkurs: Individuelt, regionen:

Programfag til val	-	Rådgevarnettverk	- reg.-
Læringsplattform	-	IKT-nettverk	- reg.-
Suggestopedi	-	Lærarar for framandspr.	- reg. -

Felles, regionen:

Vurdering	–	elevvurdering	- reg.-
-----------	---	---------------	---------

Etterutdanning, individuelt, Kommunal regi:

Vurdering / elevvurdering	Nærmiljø/skulane	
Musikk/kulturprosjekt	KOM (barnetr)	
Kunst og handverk	Kurs / design	
Fysisk aktivitet		60.000

Vidareutdanning (ind.) – stipend

Engelsk, matematikk, naturfag	45.000
-------------------------------	--------

Andre:

Skulevurdering	Oppfølging	
Lærande nettverk - IKT		20.000

230.000

0005/08

**SKULEGANG I FUSA KOMMUNE**

## SØKNAD

### Framlegg til vedtak::

Sindre Alsaker-Kolle, f.05.06.2004 og Heine Alsaker-Kolle, f.17.07.2006, får ta si grunnskuleopplæring i Fusa kommune. Med utgangspunkt i ønskje frå dei føresette, Åsmund Kolle og Synnøva Alsaker, får borna gå på den geografiske nærskulen sin. Busette på Sævild i Samnanger har Nore Fusa oppvekstsenter som sin næraste skule. Geografisk og sosialt kjenner familien seg tilhøyrande i grenda Holmefjord. Jfr Opplæringslova § 1-2 *Formålet med opplæringa*: Grunnskolen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med .... oppsedinga, utviklinga og opplæringa til borna. Administrasjonssjefen får fullmakt til å inngå avtale med Fusa kommune, gjeldande frå skulestart i 2010 og 2012.

### Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Sindre Alsaker-Kolle, f.05.06.2004 og Heine Alsaker-Kolle, f.17.07.2006, får ta si grunnskuleopplæring i Fusa kommune. Med utgangspunkt i ønskje frå dei føresette, Åsmund Kolle og Synnøva Alsaker, får borna gå på den geografiske nærskulen sin. Busette på Sævild i Samnanger har Nore Fusa oppvekstsenter som sin næraste skule. Geografisk og sosialt kjenner familien seg tilhøyrande i grenda Holmefjord. Jfr Opplæringslova § 1-2 *Formålet med opplæringa*: Grunnskolen skal i samarbeid og forståing med heimen hjelpe til med .... oppsedinga, utviklinga og opplæringa til borna. Administrasjonssjefen får fullmakt til å inngå avtale med Fusa kommune, gjeldande frå skulestart i 2010 og 2012.

0006/08

## KULTURMIDLAR 2008. TILDELING

### Framlegg til vedtak::

Administrasjonssjefen har ikkje framlegg til vedtak.

### Handsaming i møte:

Nils Gåsadal sette fram følgjande framlegg:” Saka vert utsett sidan det mangla informasjon om tidlegare tildelingar i saka..”

Utvalet røysta over utsettingsframlegget som vart samrøystes vedteke.

Utvalet slutta seg til at saka kjem opp på saklista til møtet den 3 juni.

### Vedtak:

Saka vert utsett sidan det mangla informasjon om tidlegare tildelingar i saka

0007/08

## KULTURSTIPEND FOR UNGE 2008.

**Framlegg til vedtak::**

Kulturkonsulenten rår til at kulturstipendet for 2008 vert tildelt Thea Haugbjørg Haugen. Thea har gjennom hardt arbeid og talent nådd langt som klarinettist trass ung alder. I tillegg er ho engasjert, pliktoppfyllande og arbeider målretta mot nye framgongar og er såleis ein framifrå representant for Samnanger.

**Handsaming i møte:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Kulturkonsulenten rår til at kulturstipendet for 2008 vert tildelt Thea Haugbjørg Haugen. Thea har gjennom hardt arbeid og talent nådd langt som klarinettist trass ung alder. I tillegg er ho engasjert, pliktoppfyllande og arbeider målretta mot nye framgongar og er såleis ein framifrå representant for Samnanger.